



POLITIET

Møre og Romsdal politidistrikt

Møre og Romsdal politidistrikt

Straffesakstal 2024

Innhald

1. Innleiing	3
2. Tal på anmeldelsar	3
3. Ungdomskriminalitet	4
4. Oppklaringsprosent	4
5. Tal på dommar.....	5
6. Trendar og utvikling	5


1. Innleiing

Denne oversikta inneholder eit utdrag av straffesakstala for Møre og Romsdal politidistrikt i 2024. Oversikta viser anmeldt kriminalitet og gjengir ikkje nødvendigvis eit fullstendig bilde av kriminaliteten sidan det ikkje er all kriminalitet som vert anmeldt eller avdekt.

2. Tal på anmeldelsar

Møre og Romsdal politidistrikt har hatt ei jamn auke i straffesaker dei siste åra. Det er det høgste talet vi har hatt på straffesaker på over ti år.

Tabell 1 1 - Antall anmeldelser



Sakene fordeler seg slik innafor ulike kriminalitetsområde for 2024:

Tabell 2

	I Fjor	I År	Diff	Diff %
Økonomi	1 013	1 426	413	40,8 %
Vinning	2 290	2 545	255	11,1 %
Vold	1 301	1 388	87	6,7 %
Seksuallovgivne	397	374	-23	-5,8 %
Narkotika	642	817	175	27,3 %
Skadeverk	663	681	18	2,7 %
Miljø	145	120	-25	-17,2 %
Arbeidsmiljø	41	45	4	9,8 %
Trafikk	2 472	2 710	238	9,6 %
Annen	1 575	1 741	166	10,5 %
Undersøkelsessaker	489	497	8	1,6 %
Totalt	11 028	12 344	1316	11,9 %


FORKLARING TIL TABELLANE: Tabell 1 viser talet på anmeldelsar registrert inn til distriket. Det vil seie straffbare forhold som vert etterforska av Møre og Romsdal politidistrikt, men som også kan inkludere forhold skjedd i andre distrikt. Tabell 2 viser Møre og Romsdal som gjerningsdistrikt, altså straffbare forhold begått i Møre og Romsdal. Derfor er det eit avvik i desse to tabellane.

Politidistriktet har hatt ein auke i talet på straffesaker i 2024 med 11,9 prosent. I 2023 var auken på 12,6 prosent frå året før. Auken er innanfor dei fleste kategoriar med unntak av miljøkriminalitet og seksuallovvbrot. Nedgangen i seksuallovvbrot kan henge saman med at det ikkje har vore like mange nettovergrepssaker med vedleggsaker som tidlegare år. Ei einskild nettovergrepssak kan i enkelte tilfelle utgjere fleire titals saker. Den største auka ser vi i økonomisaker, særleg innan bedrageri på nett, og narkotikakriminalitet. Auka i narkotikakriminalitet har truleg samanheng med eit aukande fokus og arbeid mot organisert kriminalitet og ungdomskriminalitet.

3. Ungdomskriminalitet

Distriktet ser ei bekymringsfull utvikling i ungdomskriminaliteten også gjennom 2024. Sjølv om talet på saker har gått ned frå 2023, opplever vi ein auke i alvor i sakene blant ungdom med ran, vald, trugslar og narkotikaomsetning. Vi ser også at ungdom si haldning til narkotika gradvis ser ut til å endre seg, at brukarar og seljarar blir yngre og fleire, og at vegen til rekruttering til organisert kriminalitet blir kortare.

Tabell 3



4. Oppklaringsprosent

Møre og Romsdal politidistrikt har over tid hatt ein høg generell oppklaringsprosent. På tross av ein svak nedgang frå 2023 er oppklaringsprosenten likevel høg med 56,3 prosent, der nasjonalt gjennomsnitt var 39,9 prosent. For 2024 er oppklaringsprosenten i valdtektsaker (inkl. valdtekst av barn) 53,5 prosent og oppklaringsprosenten i mishandling i nære relasjonar er 20,9 prosent.

5. Tal på dommar

	Tal på dommar
2024:	781
2023:	732
2022:	700
2021:	696
2020:	794

6. Trendar og utvikling

Det er ei vedvarande og aukande rapportering på sakstypar innanfor økonomisk kriminalitet, særleg bedrageri utført på digitale plattformer. Bedragerisaker aukar både i mengde og beløp.

Det er vidare ei negativ utvikling innanfor ungdomskriminalitet, med meir synleg bruk og sal av narkotika, samt grovare trugslar og vald.

Vidare ser vi aukande rapportering på antydingar til kriminelle nettverk og gjengar, der det kan vere knytingar til både nasjonale og internasjonale, etablerte kriminelle nettverk.

I likskap med andre distrikt ser vi også ein auke i cyberkriminalitet. Det gjeld både saker der kriminalitet rettar seg mot datasystem og saker der kriminaliteten vert begått i det digitale rom ved hjelp av datasystem.